

# 1. Migrasjon til Noreg



### **Fleire løyve kan gje grunnlag for opphald i Noreg**

Alle utanlandske statsborgarar, så nær som nordiske statsborgarar, må ha løyve for opphald i Noreg utover tre månader. Norske styresmakter gav i 2003 rundt 47 000 nye opphalds- og arbeidsløyve. Kor lenge løyvet varer, og om det er mogeleg å fornye det, står og fell på kva slag løyve som er gjeve.

### **Kor mange har fått løyve som kan gje varig opphald i Noreg?**

- 1 100 fekk opphald for å arbeide
- 10 500 fekk opphald som følgje av familiesameining<sup>1</sup>
- 3 550 fekk opphald på bakgrunn av ein søknad om asyl
- 1 600 kom til landet og fekk opphald som overføringsflyktingar
- 100 fekk opphald av andre grunnar<sup>2</sup>

Dei fleste av desse løyva må fornyast kvart år dei tre fyrste åra. Grunnlaget for det opphavlege løyvet må då framleis vere der. Til dømes må ein framleis vere gift dersom ein har fått familiesameining på grunnlag av ekteskap. Etter tre år kan ein søkje om busetjingsløyve, som blir gjeve for uavgrensa tid.

### **Kor mange har fått mellombels løyve?**

- 24 500 fekk opphald for å arbeide
- 5 500 fekk opphald til utdanning

Dei fleste løyva gjev høve til å arbeide, men studentar har avgrensa høve til å arbeide. Born får oftast ikkje arbeidsløyve før dei fyller 18 år. Dei kan likevel med samtykke frå foreldre eller verje søkje om arbeidsløyve frå fylte 15 år. Dette følgjer av arbeidsmiljølova. Eldre foreldre på vitjing hjå dei vaksne borna sine får òg berre opphaldsløyve.

### **Talet på løyve = talet på utlendingar til Noreg?**

Talet på løyve treng ikkje tyde at like mange personar kjem til Noreg. Jamvel om ein person har fått godkjent eit løyve, er det ikkje fullvisst at denne personen fer til Noreg. Somme personar kan få fleire fyrstegongsløyve. Dersom ein person fyrst har hatt eit studieløyve og seinare får familiesameining, vil både studieløyvet og familiesameiningsløyvet bli registrerte som eit fyrstegongsløyve.

Statistisk sentralbyrå (SSB) har tal på kor mange utanlandske statsborgarar som flytter til Noreg. Sjå heimesidene til SSB: [www.ssb.no](http://www.ssb.no).

<sup>1</sup> Familiesameining blir gjeve på same vilkår som den personen ein blir sameint med. Dersom hovudpersonen ikkje har eit løyve som dannar grunnlag for varig opphald, vil heller ikkje familiesameiningsløyvet gje grunnlag for varig opphald. Dette gjeld likevel einast eit fåtal av løyva.

<sup>2</sup> Andre grunnar vil seie når sterke menneskelege omsyn talar for det, eller når utlendingen har særleg tilknytning til riket. Sjå tabell over andre løyve på side 26.

## 2. Opphaldsløype



## ARBEIDSLØYVE

I 2003 vart det gjeve til saman 25 600 nye arbeidsløyve der grunnlaget for løyvet var at personen skulle arbeide i Noreg.

### Sesongarbeidsløyve, det mest vanlege arbeidsløyvet

70 prosent av alle arbeidsløyva var sesongarbeidsløyve i 2003. I alt fekk 17 900 personar sesongarbeidsløyve. Borgarar frå Polen fekk dei fleste sesongarbeidsløyva med i alt 60 prosent av alle løyva. Borgarar frå Litauen hadde nest flest sesongarbeidsløyve med 23 prosent av løyva.

*Sesongarbeidsløyve, dei ti største landa. 2003*

Land	Tal
Polen	10639
Litauen	4059
Latvia	812
Slovakia	378
Ukraina	285
Romania	267
Russland	259
Estland	250
Tsjekia	182
Bulgaria	147
Andre	608
Totalt	17886

Talet på personar som får sesongarbeidsløyve, har hatt ein klår auke dei siste åra.

I tillegg til sesongarbeidsløyva vart det gjeve 2 500 andre kortvarige løyve som ikkje kan fornyast. Desse kan i høgda bli gjevne for eitt år.

## Færre spesialistløyve

Av alle arbeidsløyva som vart godkjende i 2003, gjev 1 150 grunnlag for varig opphald etter tre år. Dette gjeld fyrst og fremst løyve for arbeidstakarar med fagutdanning eller særskilde kvalifikasjonar (spesialistløyve). I 2003 var det 1 100 nye personar som fekk dette løyvet. Flest spesialistarbeidsløyve vart gjevne til polske statsborgarar, med 30 prosent av løyva. Nest flest vart gjevne til søkjarar frå USA, med 9 prosent av løyva.

*Spesialistarbeidsløyve, dei ti største landa. 2003*

Land	Tal
Polen	330
USA	100
Russland	58
Slovakia	57
India	47
Litauen	43
Serbia og Montenegro	40
Romania	38
Estland	37
Filippinane	33
Andre	343
Totalt	1126


Fram til 2003 auka talet på spesialistløyve. I 2003 var det derimot ein nedgang på 35 prosent.

### Andre typar fornybare arbeidsløyve


Det finst fleire ulike arbeidsløyve i tillegg til spesialistarbeidsløyve og sesongarbeidsløyve. Nokre typar arbeidsløyve kan bli fornya i inntil 4 år, andre berre i inntil 2 år. Bakgrunnen for desse løyva er ulik. Ein del personar har kvalifikasjonar eller kompetanse som næringslivet treng, andre kan vere misjonærar, journalistar eller idrettsutøvarar som ønskjer å arbeide i Noreg for ein periode. I 2003 vart det godkjent 900 arbeidsløyve i denne kategorien.

Det er fyrst og fremst borgarar frå Aust-Europa som får desse typane løyve, men også ein del personar frå Nord-Amerika, India og Kina.


## Alle arbeidsløyve. 1999-2003




## Sesongarbeidsløyve. 1998-2003




## Spesialistløyve. 1998-2003



## Godkjenningar av arbeidsløyve, fordelte på vedtaksinstans. 2003



## Sesongarbeid, dei nye EU-landa. 1999-2003



## Politiet godkjenner flest arbeidsløyve

I 2003 godkjennde politiet 83 prosent av alle arbeidsløyve, medrekna fornyingar. Politiet gjev dei fleste sesongarbeidsløyva, EØS-løyva og alle typar fornyingar.

UDI handsamar derimot alle fyrstegongs spesialistløyve – med eitt unntak: Frå hausten 2003 har nokre utvalde utanriksstasjonar fått vedtaksmynde for spesialistløyve. Så langt har berre eit fåtal fått godkjent arbeidsløyve av ein utanriksstasjon.

## Arbeidsløyve og dei nye EU-landa frå Aust- og Sentral-Europa<sup>3</sup>

Den 1.5.2004 blir Den europeiske unionen (EU) utvida med ti nye medlemsland. Desse landa vil òg høyre inn under den økonomiske samarbeidsavtalen mellom EU og EFTA-landa (EØS-avtalen). Etter føresetnadene i denne avtalen skal det mellom anna gjevast tilgjenge til den norske arbeidsmarknaden på lik line med norske borgarar og borgarar av dei andre EFTA- og EU-landa, med mindre Noreg set i verk overgangsordningar.

Det er vanskeleg å seie noko visst om i kor stor mon dette vil påverke arbeidsmarknaden i Noreg, men det har alt vore ei stor interesse for å arbeide her. Dette gjeld særleg borgarar frå dei baltiske landa og Polen. Denne interessa har likevel mest vore knytt til kortvarig og sesongprega arbeid.

Dei fleste av dei ikkje-fornybare løyva gjeld sesongarbeid, nær 17 900 løyve. Av desse vart meir enn 90 prosent gjevne til arbeidstakarar frå eitt av dei nye EU-landa. Polen er det største landet med 10 600 saker og 60 prosent av løyva. På den neste plassen følgjer Litauen med 4 100 saker. Talet på ikkje-fornybare arbeidsløyve gjevne til dei nye EU-landa har auka med over 130 prosent sidan 1999. Desse løyva er kortvarige og kan som nemnt ikkje fornyast. Men særleg for sesongarbeid er det vanleg at dei same arbeidarane kjem att i ei årrekkje. Jamvel om desse løyva ikkje dannar grunnlag for innvandring, er dei med på å gje større kunnskap om og kjennskap til Noreg hjå ei heller stor gruppe arbeidarar i dei nye EU-landa.

## Dei nye EU-landa – utviklinga av sesongarbeidsløyva

Land	1999	2000	2001	2002	2003
Estland	104	106	146	240	250
Kypros	0	0	0	0	0
Latvia	247	374	506	712	812
Litauen	830	1339	2048	3143	4059
Malta	2	2	1	1	1
Polen	6290	7129	8006	9724	10639
Slovakia	153	202	218	325	378
Slovenia	1	0	0	1	3
Tsjekkia	111	139	177	191	182
Ungarn	7	5	16	26	16
Sum	7745	9296	11118	14363	16340

I 2003 vart bortimot 35 prosent (320) av dei fornybare løyva, med avgrensingar i kor lenge dei kan fornyast, gjevne til borgarar av dei nye EU-landa. Dette er ein rimeleg kraftig nedgang frå 2002, men ein stor del av desse løyva blir fornya – så interessa er stor enno. Dei fleste løyva i denne kategorien er gjevne til arbeidstakarar som blir rekna som naudsynte medarbeidarar for å gjennomføre ein kontrakt<sup>4</sup>. Estland er det største landet med 160 nye løyve og 260 fornyingar. I 1999 vart det til jamføring godkjent 140 slike løyve til alle dei nye EU-landa til saman. Auken kan mellom anna forklarast med ei kraftig stiging i salet av lafta hytter, som blir produserte i desse landa og så monterte i Noreg av fagarbeidarane til produsenten.

Det vart godkjent 490 spesialistløyve til dei nye EU-landa i 2003. Etter fleire år med stiging i talet på spesialistløyve til desse landa såg vi i 2003 ein nedgang på 40 prosent jamført med 2002. Talet på fornyingar har likevel meir enn dobla seg, så her òg er interessa framleis på topp. I 1999 vart det likevel berre gjevne 70 nye spesialistløyve. Denne auken kan forklarast med at det frå 2001 vart mogeleg å gje spesialistløyve til faglærde handverkarar også, og det har ført til ein sterk auke av løyve gjevne til personar innanfor bygg og anlegg. Polen er det største landet med 330 løyve.

<sup>3</sup> Dette er: Polen, Slovakia, Slovenia, Tsjekkia, Ungarn, Latvia, Litauen, Estland, Malta og Kypros.

<sup>4</sup> Utlendingsforskrifta § 4a fyrste lekken bokstav c

Dei nye EU-landa – utviklinga av spesialistløyve.  
1999 – 2003

Land	1999	2000	2001	2002	2003
Estland	2	4	20	76	37
Kypros	1	0	0	0	0
Latvia	3	1	1	26	9
Litauen	11	9	12	111	43
Malta	0	0	1	0	0
Polen	22	25	183	516	330
Slovakia	4	11	29	71	57
Slovenia	0	0	0	0	1
Tsjekkia	20	0	6	14	7
Ungarn	8	10	9	15	7
Sum	71	60	261	829	491

## UTDANNING

I alt vart det gjeve 7 900 løyve til folk som søkte utdanning i 2003<sup>5</sup>. Av desse var nær 5500 fyrstegongsløyve.

### Tyskland og Kina med flest studieløyve

Det vart gjeve nærmare 4 000 fyrstegongsløyve i alt i 2003. Flesteparten av dei er studentar ved høgskular og universitet, og dessutan elevar ved vidaregåande skular og folkehøgskular. I alt kom det 1 400 studentar frå EU/EØS-området. Tyskland var det landet det kom flest studentar frå til Noreg, med 530 fyrstegongsløyve i 2003.

Studieløyve\*, 10 største land 2003

Land	Tal
Tyskland	525
Kina	429
USA	221
Frankrike	198
Spania	192
Russland	186
Italia	163
Litauen	122
Polen	93
Nederland	79
Andre	1769
Totalt	3977

\* inkluderer elevar ved vidaregåande skular og folkehøgskular i tillegg til studentar og postdoktorgradsstudentar ved universitet og høgskular

<sup>5</sup> Desse tala inkluderer au pair- og praktikant-løyve.

I overkant av 2 600 av løyva er gjevne til studentar utanfor EU/EØS-området. Det var Kina som hadde flest studieløyve, i alt 430. USA og Russland kjem på dei neste plassane med høvesvis 220 og 190 løyve. Med unntak av ein liten nedgang i 2001 har talet på studieløyve auka dei siste ti åra. Ein av nasjonalitetane som har hatt størst auke, er studentar frå Kina. I 2001 var det 150 personar frå Kina som fekk studieløyve, medan det var 430 i 2003.

### Au pairar frå Filippinane, praktikantar frå Polen


Det vart gjeve om lag 950 løyve til au pairar i 2003. Flest løyve vart gjevne til filippinske borgarar, 15 prosent av løyva. Elles var det austuropeiske land som dominerte.

Au pair-løyve, dei ti største landa. 2003

Land	Tal
Filippinane	138
Litauen	111
Polen	93
Romania	93
Latvia	59
Ukraina	56
Russland	55
Kviterussland	29
Estland	27
Tsjekkia	26
Andre	261
Totalt	948

Det vart gjeve nær 550 løyve til praktikantar (trainee-stillingar) i 2003. Av dei var 43 prosent polske borgarar.


## Spesialistløyve, dei nye EU-landa. 1999-2003




## Studieløyve, utan EØS-studieløyve. 1994-2003



## Familiesameining, familietilknytning i Noreg. 2003



## Familiesameining, del av godkjenningane fordelte på vedtaksinstans. 2003



## Praktikant-løyve, dei ti største landa. 2003

Land	Tal
Polen	233
Latvia	60
Litauen	59
Kviterussland	34
Russland	28
Tsjekkia	13
Ukraina	13
Brasil	10
Kina	10
USA	8
Andre	75
Totalt	543

## FAMILIESAMEINING

Det vart godkjent 10 500 nye familiesameiningar i 2003.

### Færre familiesameiningar

Talet på godkjende familiesameiningar har gått ned med 28 prosent jamført med 2002, då det vart godkjent 14 600 løyve. I tilleggare oppgjevne tal på familiesameiningar har løyve gjevne etter EØS-regelverket ikkje vorte medrekna.

Nedgangen kjem i hovudsak av endringar i sakshandsamingskapasiteten til UDI. I tillegg har godkjeningsprosenten gått ned med 2 prosent frå 2002. I 2003 vart 62 prosent av sakene handsama av UDI godkjende. Tek vi omsyn til godkjenningane i politiet, vart nær 70 prosent av familiesameiningssakene godkjende i 2003. Jamvel om godkjeningsprosenten ikkje har gått monaleg ned totalt, har det for somme nasjonalitetar vore klåre endringar. Det er fyrst og fremst borgarar frå land med store flyktninggrupper i Noreg som har nedgang i godkjeningsprosenten. Nedgangen kan ha ein samanheng med innføringa av krav om forsyting for delar av desse gruppene.

### Irak på topp i år òg

I 2003 fekk over 900 irakarar familiesameining. Irakarar var i 2003, til liks med 2002, den største gruppa som fekk familiesameining. Men til liks med mange andre nasjonalitetar har det vore ein tydeleg nedgang jamført med 2002, då 1 790 irakarar fekk godkjent familiesameining.

## Familiesameining, 10 største land 2003

Land	Tal
Irak	940
Russland	797
Thailand	780
Somalia	652
Pakistan	518
Tyrkia	445
Tyskland	401
Filippinane	396
Afghanistan	387
Storbritannia	330
Andre	4823
Totalt	10469

## Kven får ein familiesameining med?

Over halvparten av alle familiesameiningane er sameining mellom ektefellar, sambuarar eller partnarar, medan litt under ein tredjedel var born som har vorte sameinte med foreldra sine.

## Politiet godkjenner fleire familiesameiningar

Politiet handsamar ein stor del av familiesameiningssakene der personen som søker om eit løyve, alt er komen til Noreg, og saka elles er ukomplisert. Politiet kan ikkje avslå søknader. I 2003 godkjende politiet 46 prosent av nye familiesameiningssaker. I 2002 godkjende dei 34 prosent.

I tillegg vart 21 500 løyve fornya. Det er politiet som handsamar dei aller fleste fornyingane. Familiesameiningsløyve må fornyast kvart år dei tre fyrste åra ein bur i Noreg.

## VISUM

Visum er eit løyve til å reise inn i Noreg og Schengen-området og opphalde seg her i ein avgrensa periode på inntil 90 dagar. Løyvet kan gjevast for turistvitjingar, familievitjingar, offentlege oppdrag, forretningsreiser eller andre føremål. Vitjingsvisum er det mest vanlege, men det finst òg andre typar visum. Har ein fått godkjent visum i eit av Schengen-landa, kan ein reise fritt innanfor heile området.

Personar frå land som Noreg i Schengen-samarbeidet har inngått visumfridomsavtale med, treng ikkje visum når dei gjestar Noreg eller dei andre Schengen-landa. Schengen-landa har visumfridomsavtale med mellom anna Australia, Japan, Malaysia, New Zealand og Israel, og dessutan dei fleste landa i Amerika.

### Meir enn 90 prosent blir handsama av utanriksstasjonane

I 2003 tok norske utanriksstasjonar imot om lag 86 000 visumsøknader. Her reknar vi òg med søknader der Noreg representerer andre land<sup>6</sup>. Omkring 91 prosent av visumsøknadene vart handsama ved ein av utanriksstasjonane til Noreg. Resten, 9 prosent, vart handsama av UDI. Dette kan vere saker der utanriksstasjonen har avslått søknaden og ei klage er send til UDI eller det er tvil om søknaden kan godkjennast. Medan 46 prosent av søknadene som vart handsama av UDI, vart godkjende, vart heile 90 prosent av søknadene handsama ved ein av utanriksstasjonane godkjende.

### 41 prosent av visumsøknadene frå Russland

41 prosent av alle visumsøknadene vart mottekne ved ein av dei tre utanriksstasjonane i Russland. Russland er det einaste av nabolanda våre som Noreg ikkje har inngått visumfridomsavtale med. Utover dette er det utanriksstasjonar i Filippinane, Thailand, Storbritannia og Kina som har det høgaste talet på søkjarar.

Tala seier ikkje noko om nasjonaliteten til søkjaren, men vi reknar med at i dei fleste tilfella er personen borgar av landet utanriksstasjonen ligg i. Nokre nasjonalitetar vil i større mon enn andre søkje frå eit tredje land. Det er til dømes ein god del afghanarar som søkjer om visum frå Pakistan. Ambassaden i Storbritannia ferdar òg ut mange visum til tredjelandsborgarar.


## STATSBORGARSKAP

Utlendingsdirektoratet handsama i 2003 om lag 7 700 søknader om statsborgarskap. Så mykje som 93 prosent, vel 7 200 av søknadene, stetta krava til norsk statsborgarskap.


Norsk statsborgarskap blir godkjend av Utlendingsdirektoratet eller av Fylkesmannen. Den samla statistikken over overgang til norsk statsborgarskap blir utgjeven av Statistisk sentralbyrå (SSB)<sup>7</sup>.

Av sakene som vart godkjende av Utlendingsdirektoratet, var søkjarar frå Bosnia-Hercegovina den klårt største nasjonaliteten. Dette har samband med det store talet på bosniske flyktningar som kom til Noreg på byrjinga av 1990-talet.


### Visumsaker handsama ved norske utanriksstasjonar i 2003, dei fem største landa



### Visumsaker handsama i UDI i 2003, dei fem største landa



### Statsborgarskap handsama i UDI i 2003, dei fem største landa



<sup>6</sup> Visumsamarbeidet fører med seg at vi blir representerte av eit anna land der vi sjølve ikkje har fagstasjon. Der dei nordiske landa ikkje har eigne fagstasjonar, og der det er ønskjeleg å vere representert, vil visumsamarbeid med andre Schengen-land bli inngått.

<sup>7</sup> <http://www.ssb.no/emner/02/02/statsborger/>



## 4. Omgrepsdefinisjonar



**Arbeidsløyve** – Løyve til å ta arbeid i Noreg. Arbeidsløyve kan gjevast til personar over 15 år som stettar vilkåra for dette etter utlendingslova.

**Asyl** – Fristad for personar som med rette er redd for forfølging på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller tilhøyrse til ei særskild gruppe. Asyl ber mellom anna med seg vern mot å bli send tilbake til området der personen har grunn til å vere redd for forfølging. Asyl gjev òg visse rettar under opphaldet i asyllandet. Utlendingar som får godkjent asyl i Noreg, får status som flyktningar.

**Asylsøklar** – Person som på eiga hand og umeldt ber styresmaktene om vern og godkjenning som flyktning. Personen blir kalla asylsøklar til søknaden er avgjort.

**Au pair** – Person som får mellombels opphald, i fram til 2 år, for å bu i ein norsk familie mot tenesteytingar. Målsetnaden er at ho eller han får auka språkkunnskapane/fagkunnskapane sine og dessutan utvida allmenndanninga si ved å få betre kjennskap til Noreg. Personen må vere mellom 18 og 30 år.

**Avslag** – Vedtak som tyder at søkjaren ikkje får det løyvet ho eller han har søkt om. Avslag kan gjevast både av di vilkåra for løyvet ikkje er stetta (materielle grunnar), eller av formelle grunnar av di det er søkt på feil måte (t.d. at søknaden er fremja etter at personen er komen til Noreg).

**Bortvising** – Vedtak om å nekte ein utlending innreise til eller opphald i Noreg. Vedtaket er ikkje til hinder for seinare innreise. Bortvising må ikkje forvekslast med utvising eller uttransportering frå riket.

**Busetjingsløyve** – Løyve som blir gjeve etter tre år (som hovudregel) i Noreg med gyldig opphalds- eller arbeidsløyve som danner grunnlag for busetjingsløyve. Løyvet er ikkje tidsavgrensa. Løyvet gjev rett til varig opphald og generelt tilgjenge til å ta arbeid i Noreg. Det gjev òg utvida vern mot bortvising og utvising. Eit busetjingsløyve fell oftast bort ved opphald i utlandet i meir enn to år.

**Dublin-samarbeidet** – Dublin II-forordninga gjev reglar om kva for medlemsland – EU-landa, Noreg eller Island – som er ansvarleg for å handsame søknader om asyl som blir gjevne i medlemslanda. Ho har til føremål å tryggje at alle personar som leverer ein søknad, får han handsama, og at asylsøknaden berre blir handsama i eitt av medlemslanda. Ansvarer blir i hovudsak pålagt det landet der utlendingen fyrst søkte asyl, eller fekk utferda eit opphaldsløyve eller eit Schengen-visum.

**DUF** – Det nye datasystemet for utlendings- og flyktningssaker. Eit registreringssystem og sakshandsamarverky for heile utlendingsforvaltninga.

**Einsleg mindreårig** – Asylsøklar, flyktning eller person med opphald på humanitært grunnlag som er under 18 år, og som er utan foreldre eller andre med foreldreansvar i Noreg.

**EURODAC** – Eit sentralt elektronisk fingeravtryksregister over utlendingar (hovudsakleg asylsøklarar) som er registrerte i eit EU-land eller eit EØS-land. Registeret var operativt frå 15. januar 2003, og gjev berre høve til å jamføre fingeravtrykk i samhøve med Dublin II-forordninga. Føremålet med registeret er å finne ut om ein asylsøklar tidlegare har søkt asyl i eit anna land som er knytt til Eurodac-registeret.

**Familiesameining** – Opphalds- eller arbeidsløyve som blir gjeve nære familiemedlemmer av norsk borgar eller utanlandsk statsborgar med lovleg opphald i Noreg.

**Flyktning** – I juridisk mening femner omgrepet “flyktning” om overføringsflyktningar og asylsøklarar som har fått godkjent asyl.

**Fyrsteinstans** – Den instansen som gjer fyrste vedtaket i ei sak. I asylsaker er det støtt Utlendingsdirektoratet. I nokre andre saker kan politiet i Noreg eller norske utanriksstasjonar gjere vedtak.

**Innvandrar** – Ein person fødd i utlandet og fast busett i Noreg, med begge foreldra fødde i utlandet.

**Klageinstans** – Den instansen som handsamar klager over vedtak gjorde av fyrsteinstans. Når politiet i Noreg eller norske utanriksstasjonar avslår ein søknad, er UDI klageinstansen. Når UDI avslår som fyrsteinstans, kan vedtaket klagast inn til Utlendingsnemnda (UNE). I statsborgarsaker er Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) klageinstans.

**Kollektivt vern** – Mellombels opphalds- eller arbeidsløyve kan gjevast personar i ein massefluktsituasjon på kollektivt grunnlag, det vil seie etter ei gruppevurdering. Eventuelle asylsøknader kan leggjast på is i fram til tre år. Slikt løyve dannar ikkje grunnlag for busetjingsløyve dei fyrste fire åra.

**Opphald på humanitært grunnlag** – Løyve som blir gjeve til ein asylsøkjare som ikkje stettar krava til asylstatus, men som likevel får eit løyve av di søkjaren treng vern, av sterke menneskelege omsyn og/eller på grunn av ei særleg tilknytning til Noreg, jf. § 8 andre lekken i utlendingslova.

**Overføringsflyktning** – Flyktningar som får kome til Noreg etter eit organisert uttak, til vanleg i samarbeid med SNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Etter framlegg frå Regjeringa fastset Stortinget kvart år ein kvote for kor mange overføringsflyktningar Noreg kan ta imot.

**Praktikant** – Ein person som ønskjer å få opplæring i eit yrke. Det er eit krav at arbeidet er av særleg verd for kompetansen til personen og inngår som ein naturleg del av yrkesutdanninga i heimlandet. Løyvet kan fornyast og gjevast i fram til 2 år.

**Sesongarbeidsløyve** – Blir gjeve til utlendingar som skal arbeide innanfor typisk sesongregulert verksemd som til dømes innhausting i jordbruket eller bærplukking i utmark, eller i samband med ordinær ferieavvikling. Arbeidsløyve som sesongarbeidar kan gjevast for fram til tre månader i eit kalenderår.

**Schengensamarbeidet** – Eit samarbeid som inneber at passkontrollen er avskipa på reiser mellom mange europeiske land. Landa har ei sams ytre grense. Visum til Schengen-området gjeld som visum til Noreg og alle europeiske land som er med i samarbeidet. Schengen-samarbeidet blir i dei fleste medlemslanda utfyllt med Dublin-konvensjonen.

**Statsborgarskap** – Ei formell nasjonal tilhøyrse som til vanleg kjem med fødselen. For å få norsk statsborgarskap etter søknad må ein vere minst 18 år, hatt fast bustad i Noreg dei siste sju åra, ha ein heiderleg vandel og ikkje ha større bidragsgjeld. I nokre tilfelle kan ein person ha rett til norsk statsborgarskap dersom ho eller han gjev melding om dette til Fylkesmannen. I ein viss mon kan ein utlending ha både norsk og utanlandsk statsborgarskap. I Noreg er det likevel berre den norske statsborgarskapen som tel.

**Utvising** – Vedtak som ber med seg at ein utlending må reise ut av landet og berre kan kome att dersom særskilde vilkår er stetta. Sjå òg bortvising.

**Vedtak** – Ei avgjerd frå eit offentleg forvaltningsorgan som legg fast rettar og skyldnader til private personar.

**Vern** – Femner om personar som har søkt asyl, og som har fått eit løyve av vernegrunnar, jf. § 15 fyrste lekken i utlendingslova.

**Visum** – Løyve til å reise inn i Schengen-området og Noreg og opphalde seg i området i fram til tre månader. Utanlandske borgarar frå visumpfiktige land som ønskjer å reise til Noreg eller til dei andre Schengen-landa, skal søkje og få godkjent visum før innreise til Schengen. Visum til kvart Schengen-land er som hovudregel fullnøyande for å kunne reise fritt i heile territoriet i tre månader og vitje eitt eller fleire land. Statsborgarar frå visumfrie land treng ikkje visum for innreise til Schengen.

## 5. Nøkkeltall



## Arbeidsløve 2003

Landbakgrunn	Grunnlag for BOS*		Fornybare løve		Ikkje fornybare løve		EØS	Andre/ ukjent	Totalt	Fornyngar
	Spesialist	Andre Bos	Fornybar inntil 4 år	Fornybar inntil 2 år	Sesong	Andre				
Argentina	1	0	0	0	5	6	0	0	12	8
Austerrike	0	0	0	0	0	1	75	0	76	24
Australia	18	1	14	122	14	5	2	0	176	60
Belgia	0	0	0	0	0	0	46	0	46	8
Bosnia-Hercegovina	12	0	0	0	14	1	0	0	27	10
Brasil	14	0	10	0	12	0	1	0	37	19
Bulgaria	19	1	5	0	147	584	0	0	756	37
Canada	24	0	19	0	3	6	0	0	52	57
Estland	37	2	167	1	250	152	1	0	610	262
Filippinane	33	0	2	0	17	7	0	0	59	163
Frankrike	2	0	0	0	0	0	272	0	274	85
Ghana	2	0	4	0	5	8	0	0	19	16
Hellas	0	0	0	0	0	0	50	0	50	13
India	47	2	20	0	85	5	0	0	159	72
Iran	8	0	3	0	0	1	1	0	13	19
Irland	0	0	0	0	0	0	50	0	50	6
Italia	1	0	0	0	0	0	163	0	164	46
Japan	10	0	4	0	2	0	0	0	16	41
Kenya	0	0	8	0	6	3	0	0	17	10
Kina	29	0	18	0	3	5	0	0	55	72
Kroatia	17	0	2	0	20	43	0	0	82	23
Kviterussland	5	1	2	0	133	14	0	0	155	5
Latvia	9	0	39	0	812	35	0	0	895	72
Litauen	43	1	26	0	4059	55	0	5	4189	142
Moldova	1	0	0	0	44	0	0	0	45	9
Nederland	0	0	0	0	0	0	296	0	296	115
Nepal	0	0	1	0	17	0	0	0	18	1
New Zealand	10	0	2	0	29	14	0	0	55	8
Nigeria	10	0	7	0	0	0	0	0	17	30
Pakistan	11	0	2	0	1	1	2	0	17	21
Polen	330	2	47	4	10639	764	0	5	11791	510
Portugal	0	0	0	0	0	0	144	0	144	21
Romania	38	1	10	1	267	227	0	0	544	69
Russland	58	2	26	19	259	368	0	0	732	222
Serbia og Montenegro	40	0	7	0	11	7	0	0	65	100
Slovakia	57	0	8	0	378	1	0	0	444	92
Spania	0	0	0	0	1	0	104	0	105	38
Statslause	5	0	15	0	7	4	0	0	31	11
Storbritannia	4	0	1	0	1	2	589	0	597	198
Sveits	3	0	1	0	0	0	37	0	41	25
Sør-Afrika	5	0	13	0	5	1	1	0	25	12
Sør-Korea	23	0	5	0	0	0	0	0	28	14
Thailand	3	0	2	0	7	3	0	0	15	10
Tsjekkia	7	0	30	0	182	31	0	0	250	35
Tyrkia	9	0	9	0	11	1	0	0	30	19
Tyskland	6	2	1	0	0	0	1403	0	1412	342
Ukraina	9	0	5	0	285	41	0	0	340	15
Ungarn	7	0	1	0	16	19	0	0	43	26
USA	100	1	103	0	15	43	0	0	262	268
Vietnam	0	0	9	0	45	0	0	0	54	4
Andre	59	0	106	0	79	15	0	1	260	207
<b>Totalt</b>	<b>1126</b>	<b>16</b>	<b>754</b>	<b>147</b>	<b>17886</b>	<b>2473</b>	<b>3237</b>	<b>11</b>	<b>25650</b>	<b>3692</b>

Tabellen under viser berre arbeidsløve som er gjevne på bakgrunn av at personen har fått arbeid i Noreg. Arbeidsløve som er gjevne til flyktingar og familiesameinte, er ikkje med. Arbeidsløve som er gjevne i utdanningsfremål som au pair og praktikant (trainee), blir registrerte under utdanningsløve. For alle land, sjå [www.udi.no](http://www.udi.no).

\* BOS tyder arbeidsløve som kan danne grunnlag for eit busetjingsløve etter tre år.

## Arbeidsløye etter år og kategori 1998-2003

	Grunnlag for BOS		Fornybar løyve		Ikke fornybare løyve		EØS	Totalt
	Spesialist	Andre BOS	inntil 4 år	inntil 2 år	Sesong	Andre		
1998	450	17	618	0	7 563	2 586	3 181	14 417
1999	428	27	720	0	8 388	2 302	3 416	15 282
2000	515	13	664	21	9 930	2 479	2 234	15 856
2001	817	23	920	76	11 896	2 743	2 518	18 994
2002	1 730	28	1 070	247	15 714	2 819	2 549	24 158
2003	1 126	16	754	147	17 886	2 473	3 237	25 650

Tala kan avvike frå tal oppgjevne i rapportar for tidlegare år. Det kjem av at ein del saker blir registrerte i datasystemet ei tid etter at løyvet er gjeve, og det kjem difor ikkje med i statistikken for det året.

Tala viser det samla talet på fyrstegongsgodkjenningar gjevne av alle instansar, også politiet og Utlendingsnemda.

## Utdanning 2003

Dette er tillatelser som er gitt i forbindelse med utdanning eller opplæring.

Andre inkluderer arbeidene gjest i landbruket, arbeidspraksis etter fullført utdanning og elever invitert av kommunen

Landbakgrunn	Student	Folkkehøy- skole	Post- doktorgrad	Au pair	Prakti- kant	Andre m arb.till. i utdann.øyemed	EØS	Total	Fornyngar
Austerrike	1	0	0	0	0	0	66	67	5
Australia	48	0	0	2	3	0	4	57	6
Bangladesh	20	0	0	0	0	0	0	20	29
Belgia	2	0	0	0	0	0	26	28	0
Bosnia-Hercegovina	16	1	0	3	2	0	0	22	13
Brasil	28	3	0	8	10	0	0	49	10
Bulgaria	17	1	2	25	1	23	0	69	46
Canada	38	2	1	1	6	3	0	51	10
Estland	32	3	0	27	1	1	0	64	65
Etiopia	64	0	0	0	0	0	0	64	85
Filippinane	2	6	0	138	1	0	0	147	73
Frankrike	2	1	0	0	0	0	195	198	11
Ghana	40	11	0	8	1	1	0	61	48
India	39	15	2	5	4	0	0	65	39
Indonesia	12	1	1	4	0	0	0	18	14
Iran	30	0	1	0	1	0	0	32	14
Italia	7	0	0	0	0	0	156	163	10
Japan	37	8	3	2	2	0	0	52	10
Kamerun	23	2	0	4	0	0	0	29	13
Kenya	13	7	0	12	0	1	0	33	19
Kina	292	130	7	13	10	0	0	452	181
Kroatia	10	1	0	6	1	0	0	18	6
Kviterussland	8	2	0	29	34	12	0	85	68
Latvia	29	15	0	59	60	13	0	176	127
Litauen	67	6	0	111	59	49	0	292	178
Mexico	40	0	1	4	3	1	0	49	6
Nederland	6	1	0	0	0	0	72	79	7
Nepal	39	4	0	5	0	0	0	48	52
Nigeria	13	3	0	3	0	0	0	19	10
Pakistan	27	0	0	0	1	0	0	28	27
Polen	69	13	1	93	233	10	0	419	244
Portugal	0	0	0	0	0	0	22	22	2
Romania	28	21	0	93	1	12	0	155	78
Russland	159	19	2	55	28	6	0	269	247
Serbia og Montenegro	25	2	0	6	7	0	0	40	31
Slovakia	28	1	1	11	2	17	0	60	31

Landbakgrunn	Student	Folkehøy- skole	Post- doktorgrad	Au pair	Prakti- kant	Andre m arb.till.		Total	Fornyngar
						i utdann.øyemed	EØS		
Spania	0	1	0	0	0	0	191	192	15
Sri Lanka	17	0	0	19	2	0	0	38	25
Storbritannia	5	0	0	0	0	0	35	40	7
Sveits	7	0	0	0	3	0	30	40	3
Tanzania	60	5	0	2	0	0	0	67	55
Thailand	24	2	0	17	2	1	0	46	18
Tsjekkia	46	1	1	26	13	1	0	88	27
Tyrkia	22	2	0	3	2	0	0	29	12
Tyskland	9	3	1	5	0	0	512	530	61
Uganda	56	1	0	0	0	0	0	57	38
Ukraina	13	7	0	56	13	7	0	96	46
Ungarn	30	0	0	6	2	0	0	38	10
USA	196	11	12	20	8	2	0	249	24
Vietnam	15	1	0	6	5	0	0	27	14
Andre	286	32	7	61	22	4	19	431	268
Totalt	2097	345	43	948	543	164	1328	5468	2438

Dette er løyve som er gjevne i samband med utdanning eller opplæring.

Andre femner om arbeidande gjester i landbruket, dei med arbeidspraksis etter fullført utdanning og elevar som er inviterte av kommunen.

For alle land, sjå [www.udi.no](http://www.udi.no).

### Familiesameiningar 2001-2003

Landbakgrunn	2001	2002	2003	Landbakgrunn	2001	2002	2003
Afghanistan	382	510	387	Peru	26	45	32
Algerie	41	33	54	Polen	232	289	247
Argentina	19	22	28	Romania	96	97	73
Australia	71	61	58	Russland	637	905	797
Bosnia-Hercegovina	165	169	94	Serbia og Montenegro	438	490	283
Brasil	130	129	156	Somalia	645	1707	652
Bulgaria	71	73	61	Spania	39	60	35
Canada	96	97	56	Sri Lanka	236	221	148
Chile	116	140	101	Statslause	57	135	94
Colombia	39	42	28	Storbritannia	394	420	330
Cuba	61	68	48	Syria	38	59	39
Estland	60	65	53	Thailand	650	918	780
Etiopia	152	226	63	Tyrkia	490	465	445
Filippinane	366	457	396	Tyskland	382	426	401
Frankrike	164	158	135	Ukraina	88	153	129
Ghana	83	91	54	USA	437	439	322
India	159	161	132	Vietnam	325	291	171
Indonesia	29	24	42	Andre	1220	1255	929
Irak	1696	1737	940	Totalt	12142	14607	10469
Iran	288	268	252				
Irland	28	26	30				
Italia	44	58	47				
Kenya	26	52	30				
Kina	134	228	156				
Kroatia	68	61	56				
Kviterussland	30	45	32				
Latvia	47	65	58				
Litauen	82	136	106				
Makedonia	55	64	37				
Marokko	196	204	125				
Mexico	34	29	58				
Nederland	214	188	171				
Pakistan	566	545	518				

Godkjenningar i alle instansar, vedtak der søkjaren har tidlegare positivt vedtak i familiesameiningssak er ikkje inkludert.

Tala vik av frå tal som vart oppgjevne tidlegare år. Dette kjem av at familiesameiningar etter EØS-regelverket tidlegare ikkje vart tekne med.

## Visumsaker handsama i UDI 2003

Landbakgrunn	Godkjenning	Avslag	Totalt
Afghanistan	44	31	75
Bosnia-Hercegovina	29	56	85
Colombia	74	64	138
Cuba	71	88	159
Filippinane	64	187	251
India	92	125	217
Irak	22	77	99
Iran	1254	669	1923
Kina	235	103	338
Libanon	36	40	76
Makedonia	68	92	160
Pakistan	110	527	637
Russland	117	108	225
Serbia og Montenegro	354	341	695
Sri Lanka	205	184	389
Statslause	40	38	78
Thailand	55	82	137
Tyrkia	17	101	118
Ukraina	44	74	118
Vietnam	41	123	164
Andre	349	711	1060
Totalt	3321	3821	7142

## Visumsaker handsama ved utanriksstasjonane 2003

Landbakgrunn	Godkjenning	Avslag	Totalt
Abidjan	684	291	975
Abu Dhabi	384	38	422
Abuja/Lagos	586	395	981
Addis Abeba	267	117	384
Amman	308	183	491
Ankara	1,158	379	1,537
Baku	587	25	612
Bankok	3,299	501	3,800
Beijing	1,934	179	2,113
Beograd	1,186	23	1,209
Bern	685	12	697
Cairo	471	72	543
Colombo	455	43	498
Damaskus	476	129	605
Dar es Salaam	322	22	344
Hanoi	660	319	979
Islamabad	1,170	1,688	2,858
Jakarta	640	6	646
Kiev	1,885	449	2,334
Kuala Lumpur	221	277	498
London	3,159	123	3,282
Manila	4,447	660	5,107
Moskva	11,984	158	12,142
Murmansk	14,462	441	14,903
Nairobi	360	60	420
New Delhi	1,768	403	2,171
New York GK	374	17	391
Pretoria	1,476	26	1,502
Rabat	231	217	448
Riga	511	1	512
Sarajevo	642	285	927
Shanghai	803	27	830
Skopje	560	103	663
St. Petersburg	3,819	45	3,864
Tallinn	549	14	563
Teheran	633	27	660
Andre	4,499	386	4,885
Totalt	67,655	8,141	75,796

Pr. 31.01.04 har 88 utanriksstasjonar viseringsmynde.

Tala byggjer på manuelle rapporteringar frå utanriksstasjonane til UDI, og femner einast om visumsaker der vedtaket er gjort ved utanriksstasjonen.

## Andre tillatelser 2003

Verdensdel	Norsk foreldre*	Sterke mennesk. omsyn**	EØS***	Kunstnar/ Idrettsut.****	Medisinsk handsaming	Totalt	Fornyngar
Afrika	2	16	0	0	2	26	10
Amerika	4	8	0	1	0	49	101
Asia	4	23	0	0	0	50	33
Europa	12	19	17	2	0	157	73
Andre	1	1	0	1	0	6	6
Totalt	23	67	17	4	2	288	223

\* Norske foreldre på fødselstidspunktet, gjev grunnlag for busetjingsløyve

\*\*Gjeve etter § 21 .5 i utlendingsforskrifta, gjev grunnlag for busetjingsløyve om ikkje anna er oppgjeve

\*\*\*Tenestemottakar

\*\*\*\*Løyve som kan fornyast i inntil 4 år – ikkje arbeidsløyve

\*\*\*\*\*Løyve som kan fornyast i inntil 1 år – ikkje arbeidsløyve



## Asylsøkjara til Noreg 1994-2003

Landbakgrunn	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Afghanistan	9	10	3	16	45	172	326	603	786	2032
Albania	5	2	15	21	9	69	88	210	274	239
Algerie	36	43	26	22	40	66	72	346	468	180
Angola	6	1	0	2	3	9	4	11	24	174
Armenia	6	4	0	2	31	124	65	175	163	41
Aserbajdsjan	0	0	2	2	13	39	35	100	145	142
Bosnia-Hercegovina	201	106	73	90	236	161	272	907	810	657
Bulgaria	2	6	5	9	14	6	12	950	359	110
Burundi	6	3	7	4	3	3	10	30	56	120
Dem.Rep.Kongo	0	0	0	7	4	5	8	3	15	75
Eritrea	0	0	4	12	38	61	51	132	269	198
Etiopia	7	18	30	48	81	126	96	173	325	287
Georgia	4	1	1	5	4	69	70	205	284	177
Guinea	0	0	0	0	0	0	0	5	16	75
Irak	126	99	113	272	1 317	4 073	766	1 056	1 624	938
Iran	160	163	120	138	270	350	327	412	450	608
Israel	5	4	4	15	11	15	10	26	50	54
Kamerun	5	0	1	8	27	26	23	18	86	73
Kasakhstan	0	0	1	5	4	55	36	112	137	49
Kina	2	5	3	8	10	8	12	19	87	117
Kirgisistan	0	0	0	0	0	0	15	67	152	44
Kroatia	78	29	3	55	2 452	60	16	1 216	139	51
Kviterussland	1	1	1	7	10	75	139	330	395	269
Libanon	9	18	6	17	28	49	22	34	67	68
Liberia	7	1	5	2	3	1	4	7	13	49
Libya	2	4	8	3	3	7	7	62	123	283
Litauen	15	28	7	24	29	58	145	91	42	36
Makedonia	0	0	5	1	17	21	15	190	301	241
Moldova	10	4	0	2	8	48	62	68	81	96
Mongolia	0	0	0	0	0	0	4	545	200	91
Nepal	0	0	0	2	0	7	26	97	64	45
Nigeria	10	5	4	4	6	5	14	27	139	235
Pakistan	26	31	16	26	146	265	220	186	216	92
Polen	72	8	209	19	2	2	68	39	51	36
Romania	46	10	8	19	77	153	712	203	247	206
Russland	75	69	50	39	141	318	471	1 318	1 718	1893
Rwanda	15	8	6	6	3	5	7	15	34	54
Serbia og Montenegro	1 561	146	76	343	1 666	1 152	4 188	928	2 460	2180
Sierra Leone	58	2	0	11	12	14	33	16	14	41
Slovakia	0	3	3	1	1	233	507	187	324	82
Somalia	251	189	180	552	955	1 340	910	1 080	1 534	1601
Sri Lanka	233	90	413	196	173	112	165	164	87	64
Statslause	27	59	19	42	85	164	120	194	391	366
Sudan	15	23	32	34	46	59	31	47	94	65
Syria	14	14	16	23	73	95	60	57	80	96
Tsjekkia	8	2	1	0	4	13	25	440	186	128
Tyrkia	30	35	24	44	131	279	164	204	257	235
Ukraina	3	15	8	8	13	34	131	1 027	772	92
Usbekistan	0	0	0	1	0	3	4	105	206	92
Vietnam	5	2	3	2	1	4	1	27	35	31
Andre	248	229	277	130	328	209	418	429	692	405
<b>Totalt</b>	<b>3 379</b>	<b>1 460</b>	<b>1 778</b>	<b>2 273</b>	<b>8 543</b>	<b>10 160</b>	<b>10 843</b>	<b>14 782</b>	<b>17 480</b>	<b>15 613</b>

For alle land, sjå [www.udi.no](http://www.udi.no).

## Asylvedtak i UDI 2003

Landbakgrunn	Asyl	Vern	Humanitære grunnar	Avslag	Dublin	Bortlagt/trekt	Totalt
Afghanistan	80	863	17	412	233	23	1628
Albania	0	0	0	252	52	19	323
Algerie	1	1	9	250	73	55	389
Angola	1	3	17	10	9	2	42
Armenia	0	0	0	81	32	2	115
Aserbajdsjan	0	0	2	101	38	10	151
Bangladesh	1	0	1	53	2	10	67
Bosnia-Hercegovina	0	0	9	371	468	89	937
Bulgaria	0	0	0	85	5	24	114
Burundi	17	51	5	5	0	0	78
Dem.Rep.Kongo	5	5	2	16	3	1	32
Eritrea	2	15	18	251	13	7	306
Etiopia	46	7	28	318	21	7	427
Georgia	0	0	1	207	65	20	293
India	0	0	0	39	0	1	40
Irak	9	118	19	68	144	90	448
Iran	92	16	6	344	55	35	548
Israel	0	0	0	68	1	9	78
Jordan	1	2	0	23	2	6	34
Kamerun	0	0	4	70	6	2	82
Kasakhstan	0	0	1	56	31	10	98
Kina	34	19	0	46	17	4	120
Kirgisistan	0	0	0	65	27	3	95
Kroatia	0	0	2	55	0	6	63
Kviterusland	0	1	2	268	91	42	404
Libanon	0	0	1	14	11	10	36
Libya	2	13	0	150	34	15	214
Litauen	0	0	0	23	0	9	32
Makedonia	0	0	0	192	121	10	323
Moldova	0	0	0	87	15	8	110
Mongolia	0	0	4	128	25	12	169
Nepal	0	0	0	80	3	6	89
Niger	1	0	5	80	4	3	93
Nigeria	2	0	2	130	28	19	181
Pakistan	2	2	4	168	6	12	194
Polen	0	0	0	34	0	5	39
Romania	0	0	0	183	1	41	225
Rusland	138	569	12	552	328	51	1650
Serbia og Montenegro	55	23	39	1868	828	121	2934
Slovakia	0	0	0	78	0	14	92
Somalia	6	424	467	81	197	34	1209
Sri Lanka	2	0	32	56	3	10	103
Statslause	49	45	13	241	46	41	435
Sudan	0	5	1	49	8	4	67
Syria	11	3	0	31	22	3	70
Tsjekkia	0	0	0	117	0	11	128
Tyrkia	0	9	7	220	50	25	311
Ukraina	0	0	1	90	28	15	134
Usbekistan	2	0	1	119	50	15	187
Vietnam	0	0	0	54	6	6	66
Andre	26	22	24	225	68	39	404
<b>Totalt</b>	<b>585</b>	<b>2216</b>	<b>756</b>	<b>8564</b>	<b>3270</b>	<b>1016</b>	<b>16407</b>

For alle land, sjå [www.udi.no](http://www.udi.no)

## Einslege mindreårige asylsøkjere til Noreg 1995-2003

Landbakgrunn	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Afghanistan	1	1	1	3	7	36	41	144	306
Albania	0	4	1	0	2	3	17	2	10
Algerie	2	2	4	4	3	7	9	26	11
Angola	1	0	0	0	1	1	1	3	28
Bosnia-Hercegovina	3	0	12	11	0	4	4	3	1
Burundi	0	0	0	1	0	0	2	4	11
Eritrea	0	1	8	14	13	9	25	37	24
Etiopia	1	10	25	24	26	22	44	59	57
Guinea	0	0	0	0	0	0	2	5	10
Irak	3	3	24	36	141	80	87	190	108
Iran	5	1	10	12	4	9	4	10	11
Kroatia	1	0	2	36	0	0	1	0	0
Kviterussland	0	0	0	1	1	9	5	12	11
Litauen	2	1	4	1	1	6	5	5	10
Mongolia	0	0	0	0	0	1	18	10	9
Nigeria	0	0	2	0	1	4	1	12	14
Romania	0	0	2	1	2	13	5	6	1
Russland	1	1	3	13	4	20	37	21	26
Serbia og Montenegro	3	5	34	65	22	93	15	29	19
Sierra Leone	0	0	0	1	3	18	2	2	5
Slovakia	0	0	0	0	1	16	1	2	0
Somalia	55	33	139	154	103	114	99	133	117
Sri Lanka	2	24	66	72	34	58	60	39	20
Statsløse	10	2	5	2	2	2	12	13	18
Sudan	3	1	4	2	0	3	5	9	4
Andre	13	18	30	13	15	28	59	118	85
<b>Totalt</b>	<b>106</b>	<b>107</b>	<b>376</b>	<b>466</b>	<b>386</b>	<b>556</b>	<b>561</b>	<b>894</b>	<b>916</b>

Alder oppgjøve ved framkomst

## Overføringsflyktninger til Noreg 2001-2003

Landbakgrunn	2001	2002	2003
Afghanistan	347	203	85
Algerie	1	0	4
Aserbajdsjan	0	6	3
Brunei	0	6	0
Burma	2	0	0
Burundi	9	70	133
Colombia	12	9	0
Dem.Rep.Kongo	6	109	156
Eritrea	11	11	29
Etiopia	0	0	47
Filippinane	0	0	1
Guinea	0	0	1
India	0	0	2
Indonesia	10	16	75
Irak	127	168	59
Iran	317	285	237
Jemen	1	0	0
Jugoslavia	0	0	0
Kambodsja	0	0	19
Kamerun	5	0	0
Kasakhstan	1	0	0
Kina	5	7	20
Kongo	58	14	15
Kroatia	7	9	0
Kviterussland	2	0	0
Liberia	0	23	402
Malaysia	0	0	3
Moldova	1	0	0
Myanmar	33	4	0
Myanmar (Burma)	0	0	129
Nepal	0	0	3
Nigeria	0	0	1
Pakistan	0	0	3
Russland	12	7	28

Landbakgrunn	2001	2002	2003
Rwanda	47	59	23
Serbia og Montenegro	0	22	0
Sierra Leone	0	16	65
Somalia	22	22	6
Sri Lanka	4	4	0
Statslause	4	9	16
Sudan	92	92	44
Syria	0	7	1
Tadsjikistan	3	0	1
Tsjad	0	0	8
Turkmenistan	11	0	2
Usbekistan	5	7	0
Zambia	0	0	12
Andre	0	31	0
<b>Totalt</b>	<b>1269</b>	<b>1216</b>	<b>1633</b>

**Personar som har fått vedtak om vern, og tilhøyrande personar som har fått familiesameining 1994-2003**

År	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
<b>I ASYLSØKJARAR</b>										
<i>Fyrste instans</i>										
Asyl	22	29	6	83	95	181	97	292	332	588
Opphald hum. gr.lag	1 353	913	610	550	1 564	2 609	2 856	4 036	2 958	2 961
Avgrensa opphald (Irak)							2,019	40	0	0
Avslag	2 963	1 414	1 410	1 531	2 260	3 300	4 899	8 976	12 829	12 236
<i>Klageinstans</i>										
Asyl	0	0	0	4	13	0	4	4	10	21
Opphald hum. gr.lag	4 303	996	255	176	249	423	343	265	326	219
Avslag	3 718	1 005	913	1 364	1 055	3 140	4 294	4 145	7 859	9 429
<b>II OVERFØRINGSFLYKTINGAR</b>	221	330	594	1 281	1 118	1 480	1 481	1 269	1 355	1 149
<b>III KOLLEKTIV VURDERING</b>										
(massefluktsituasjon)	1 137	1 973	782	495	267	8 059	0	0	0	0
<b>IV SUM PERSONAR GJEVNE VERN</b>										
Asyl	243	359	600	1,368	1 226	1 661	1 582	1 565	1 697	1 758
Opphald hum. gr.lag	5 656	1 909	865	726	1 813	3 032	3 199	4 301	3 284	3 180
Avgrensa opphald (Irak)							2 019	40	0	0
Koll. Vurd	1 137	1 973	782	495	267	8 059	0	0	0	0
SUM	7 036	4 241	2 247	2 589	3 306	12 752	6 800	5 906	4 981	4 938
<b>V FAMILIESAMEININGAR</b>										
Talet på familiesameinte med gruppene ovanfor	570	361	661	882	915	1 542	1 778	1 492	3 804	1 478
<b>VI TOTALT</b>										
Tal med vern inkl. familiesameining	7 606	4 602	2 908	3 471	4 221	14 294	8 578	7 398	8 785	6 416

I kategori II og III gjev tala t. o. m. 1995 talet på framkomstar. Alle dei andre tala gjeld tal på personar som har fått vedtak.

Overføringsflyktingar gjeld innreiseløyve for personar fremja m.a. via SNs høgkommissær for flyktingar (UNHCR). Dei som har fått innreiseløyve etter individuell vurdering, har i det alt vesentlege fått godkjent asylstatus.

Vedtak etter kollektiv vurdering gjeld inntil 01.01.99 personar frå Bosnia-Hercegovina som har fått mellombels opphald. Frå 30.04.99 til 06.08.99 gjeld tala Kosovo-flyktingar.

Kjelder: Fremkon/DUF, Flyktingregisteret og manuelle teljingar 2. instans asylvedtak.

## Bortvising ved innreise 1991-2003

	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Manglande pass/visum	77	72	669	600	671	607	670	702	847	775	342	299	233
Tidlegare utvist	16	14	15	11	4	11	9	15	18	37	45	47	33
Manglande løyve	403	266	770	279	193	123	225	339	362	397	536	771	722
Manglande midlar	90	56	215	172	103	89	82	242	228	362	429	577	535
Tidlegare straffa	34	22	273	159	135	169	163	218	280	253	227	197	101
Nordisk passkontrollavtale	2	2	6	5	4	19	0	5	8	7	2	1	-
Innmeldt SIS*	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	41
Anna	0	0	0	0	0	2	2	1	3	14	38	15	47
Totalt	622	432	1948	1226	1110	1020	1151	1522	1746	1845	1619	1907	1712

\* Ein ny kode i det nye datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF). SIS (Schengen Information System) er mellom anna eit register over personar som er uønskte i ulike Schengen-land. Det gjeld mellom anna personar som er utviste på grunn av kriminalitet. Personar som er registrerte i SIS, vil normalt ikkje få visum.

## Bortvising etter innreise 1991-2003

	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Manglande pass/visum	597	626	64	48	38	13	13	15	14	10	3	5	85
Tidlegare utvist	9	8	5	13	12	11	9	4	2	7	7	5	3
Manglande løyve	376	365	346	299	265	269	109	60	50	45	186	74	36
Manglande midlar	546	305	63	34	32	29	21	1	4	0	4	3	3
Tidlegare straffa	46	163	25	13	13	27	18	38	22	32	17	7	7
Nordisk passkontrollavtale	8	0	1	2	0	0	0	0	0	0	0	0	-
Anna	0	0	0	1	0	8	2	11	5	3	2	8	3
Innmeldt SIS*	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
Totalt	1582	1467	504	410	360	357	172	129	97	97	219	102	137

\* Ein ny kode i det nye datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF). SIS (Schengen Information System) er mellom anna eit register over personar som er uønskte i ulike Schengen-land. Det gjeld mellom anna personar som er utviste på grunn av kriminalitet. Personar som er registrerte i SIS, vil normalt ikkje få visum.

## Utvisinger 1991-2002

	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Brot på utlendingslova	56	104	117	197	228	151	93	101	114	213	125	426	570
Brot på straffelova	129	209	216	249	215	208	245	354	604	444	236	457	566
Anna	3	1	0	0	0	0	4	2	0	61	65	31	5
Totalt	188	314	333	446	443	359	342	457	718	718	426	914	1141